

# Årsplan for

# Giske barnehage

# 2020-2021



«Saman i tryggleik og undring»

# Innleiing

Barnehagelova §2 fastslår at med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for barnehagen fastsette ein årsplan for den pedagogiske verksemda. Rammeplanen seier at årsplanen skal vere eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte. Gjennom vår årsplan skal vi vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Det skal også komme fram av årsplanen om korleis vi arbeidar for å innfri samfunnsmandatet barnehagen er gitt og korleis arbeidet vårt skal sjå ut i praksis.



Takk til Knasteriet for illustrasjonar

# Innhaldsliste

Om barnehagen	4
Om avdelingane	5
Aldersdelte grupper	6
Barnehagens innhold, formål og samfunnsmandat	9
Verdigrunnlag, visjon og syn på barn	10
Barns allsidige utvikling	13
Medverknad og demokrati	18
Fagområda	19
Satsingsområder	22
Tilvenning og overgangar	24
Pedagogisk verksemd	25
Samarbeid	26

# Om barnehagen

Giske barnehage er eigd av Giske kommune og er saman med Giske skule ein del av Giske oppvekstsenter. Barnehagen har i dag fire avdelingar, 63 barn og 14 årsverk med personale. Avdelingane har kvar sine opphaldsrom og fleire grupperom som ein deler. Det er eit stort uteområdet rundt barnehagen, dette er delt i eit mindre uteområdet for småbarn og eit større uteområdet for dei eldre barna.

Å være ein del av eit oppvekstsenter betyr at skulen og barnehagen er ei felles eining. Det betyr at skulen og barnehagen har nokon særeigne samarbeidsarenaer, både innan drift, men også i forhold til rom, arrangement, pedagogisk opplegg og overgangar.



Styrar:	Elias Valderhaug
Adresse:	Bedehusvegen 1 6052 Giske
Telefon:	701 81 740 / 701 81 742
E-post:	<a href="mailto:giske.barnehage@giske.kommune.no">giske.barnehage@giske.kommune.no</a>
Arnungane:	482 07 461
Langhuset:	482 15 397
Vikingskipet:	482 51 086
Høvdingsetet:	482 13 988
Opningstid:	07.00-16.30
Heimeside:	<a href="http://www.giske.kommune.no/giske-oppvekstsenter">www.giske.kommune.no/giske-oppvekstsenter</a>

# Om avdelingane

Barna ved Giske barnehage er delt på fire avdelingar. Avdelingane er organisert etter fleire kriterium. Det vi prioritera høgast er at personalressursane er fordelt likt på barna. Vi organiserer også avdelingane utifrå barnas behov tilpassa alder og modning, blant anna ønsker vi å organisere for å legge til rette for tryggleik, vennskap og leik. På ettermiddagen organiserer vi oss i baser, der småbarn og storbarn samarbeider. Dette for å betre bruke personalressursane.



## Arnungane

Arnungane er ei av to småbarnsavdelingar. På denne avdelinga er det 12 småbarnsplassar. Tre av barna byrjar først i desember, derfor er det tre årsverk ved avdelinga fram til desember, og 4 årsverk på avdelinga resten av barnehageåret.

Marita Beinnes, 100% pedagogisk leiar, marbei@giske.kommune.no

Helene Vinnes, 100% pedagogisk leiar, helenekv@giske.kommune.no

Malin Røssevold, 60% assistent

Anna Vashchuk, 40% assistent

Viktoria Sæther, 100% lærling

## Langhuset

Langhuset er den andre småbarnsavdelinga ved Giske barnehage. På denne avdelinga er det 9 småbarnsplassar. Det er tre årsverk ved avdelinga:

Karina Jönsson, 100% pedagogisk leiar, karij@giske.kommune.no

Camilla Dyb, 80% fagarbeidar

Jofrid Bonsaksen, 60% assistent

Anne Berit, 10% assistent

Anna Vashchuk, 50% assistent

# Vikingskipet

Vikingskipet er ei av to avdelingar for dei eldste barna. Denne avdelinga har 24 plassar. Det er fire årsverk ved avdelinga:

Marthe Giskeødegård, 100% pedagogisk leiar, mgis@giske.kommune.no

Christoffer Andre Nordstrand, 100% pedagogisk leiar, chrnor@giske.kommune.no

Ann Elin Giskegjerde, 100% fagarbeidar

Anniken Dybvik, 100% fagarbeidar

# Høvdingsetet

Høvdingsetet er den andre avdelinga for dei eldste barna. Denne avdelinga har 18 plassar. Det er tre årsverk ved avdelinga, i tillegg er det 90% assistent knytt opp mot enkeltbarn:

Kirsten Bjåstad, 100% pedagogisk leder, kirbja@giske.kommune.no

Berit Valkvæ, 90% assistent

Siv Nina Olsen, 80% assistent

Lena Høyvik, 50% assistent

Anne Berit Furnes, 70% assistent

# Aldersdelte grupper

Vi ønsker med desse gruppene å skape samhald og vennskap på tvers av avdelingane. Barnehagen er organisert slik at barna har stort sett muligheter kvar dag til å leike på tvers av avdelingane. Men når dei som er født same året får komme saman i små grupper og gjere noko saman, gir personalet dei felles opplevingar som kan styrke bandet deira og noko dei kan vere saman om i leik og utforsking.

Dagleg organiserer vi oss i grupper, og ofte samarbeider grupper på tvers av avdelingar. Men både småbarnsavdelingane og storbarnsavdelingane vil ha ein dag i veka kor vi organiserer kjernetida i barnehagen i aldersdelte grupper.

Då deler avdelingane seg i grupper etter fødselsår. Ett-åringane gruppa for barn som er født i 2019. To-åringane er gruppa for barn som er født i 2018. Gullikane er gruppa for barna som er født i 2017. Jarlegruppa er for dei som er født i 2016. Og førskulegruppa er for dei som er født i 2015.

I tillegg til å ha aldersdelte grupper ein dag i veka har også aldersgrupper andre planlagde aktiviteter saman som for eksempel turar. Det vil også vere eit særleg fokus på å ha førskulegruppa saman, for å best mulig samhald i gruppa før dei startar på skulen. Vi meiner at med å skape gode relasjoner i førskulegruppa bidrar vi til å gjøre overgang til skulen trygg.

Frå i år ønsker vi å prøve ei meir heilskapleg tenking på dei aldersdelte gruppene. Vi er har laga eit pedagogisk program for førskulebarna som varer heile året. Tanken er at dei i fellesskap skal få spennande opplevingar og nytig kunnskap dei kan ta med seg vidare i livet. Dei andre aldersdelte gruppene vil også ha opplegg som er tilpassa alder og strekk seg over heile året.



# Barnehagens innhald, formål og samfunnsmandat

Barnehagen har ei eiga lov (barnehagelova) og ein rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. Dette er styringsdokument som legg føringer for innhaldet i barnehagen.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heim ivareta barnas behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrifheit, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle eigne kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverd. Den skal bidra til trivel og glede i leik og læring, og vere eit utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (Barnehagelova, 2005, § 1).

Giske barnehage sin pedagogikk og innhald er vår tolking av rammeplanen, korleis vi tolkar rammeplanen utdyppast i årsplanen. Årsplanen skal fortelje noko om korleis Giske barnehage arbeidar i forhold til føringane lagt av barnehagelova og rammeplanen.

Øya Giske har ein særegen kulturhistorie frå vikingtida. Gjennom åra i barnehagen skal barna få kjennskap til kulturhistoria og naturen Giske har å by på. Men vikingkulturen blir trekt fram. Giske barnehagen skal ha ein vikingprofil. Dette med blant anna at avdelingane har namn frå vikinghistoria og barnehagen bruker illustrasjonar av vikingbarn til å profilere seg. Barnehagen planlegg også å ha vikingdagar kvart år på slutten av barnehageåret. I løpet av desse dagane skal barna gjøre seg erfaringar og kunnskapar om korleis det var å leve som viking. Det viktigaste med dette er at barnehagen gir barna felles kunnskapar om kulturen til heimplassen sin. Som igjen kan bidra til samhald og vennskap.



# Verdigrunnlag, visjon og syn på barn

## Verdigrunnlag

Det går fram av barnehageloven § 1 at barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arb og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som er kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til slik som barnekonvensjonen og ILO-konvensjonen.

Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid. Og dei tilsette si evne, moglighet og vilje til å praktisere verdigrunnlaget i det daglege arbeidet, er heilt avgjørande for kvaliteten på tilbodet til barnehagen.

I Giske barnehage utarbeida vi eit eige verdidokument 2018-2019. I dette verdidokumentet beskriver vi kva verdiar som skal ligge til grunne i dei tilsette sitt arbeid. Verdidokumentet kan lesast i sin heilhet på heimesida.

Giske barnehage er ein kommunal barnehage og kommunen har sitt eige verdigrunnlag. Verdigrunnlaget til kommunen skal vere ei rettesnor for dei tilsette i det daglege arbeidet og i møte med innbyggjarane og næringslivet. Det skal brukast aktivt for å vidareutvikle Giske som ein god og attraktiv kommune med effektiv tenesteyting til beste for innbyggjarane. Alle medarbeidarar skal gje verdiane konkret innhald og sjå til at ord vert til handling.

I Giske kommune skal det daglege arbeid vere prega av: Respekt, engasjement, løysningvilje og kvalitet.

## Visjon

Giske barnehage sin visjon er: «Saman i tryggleik og undring». Dette er ein visjon vi er stolte av og som seier mykje om kva som er viktig i vårt arbeid og korleis vi ønska å arbeide. Tryggleik er eit grunnleggande behov barna har. Om dei ikkje er trygge vil dei heller ikkje kunne gjer noko anna. Tryggleik, trivsel og glede er grunnsteiner som må være på plass for å skape læringsmiljø i barnehagen.

Det er mange metodar personalet kan nytte for å skape tryggleik blant barna. Kanskje det viktigaste i dette arbeidet er å etablere pålitelige, varme og trygge relasjoner med barna og gjere seg tilgjengelig for at barna kan stadig søke til

personalet for trøst og tryggleik. Tilknytingsteori og teoriar om barns tryggleik er ikkje berre dei aller yngste barna sine vilkår. Alle har eit behov for trygg tilknyting, og det å høre til nokon uansett alder er ei kjerne i det å vere menneske.

Struktur i barnehagedagen ein anna viktig faktor i arbeidet for å skape tryggheit. Det vil sei at avdelingane har ei fast rytme for dagane i barnehagen. Da er det nødvendigvis ikkje klokkesletta som er viktig, men rekkefølga. Dette skaper forutsigbarheit for barna, og til yngre dei er til viktigare er dette. Tryggleik er noko personalet arbeidar med heile året. Og som må arbeidast med på både individ og gruppenivå. Vi ønsker autoritative tilsette som visar omsorg for barna, men som også sett tydelegge grenser.

Undring er i barnehagesamanheng eit stor ord, med mange undertema. I Giske barnehage er undring knytt opp mot synet på barn og læring. Synet på barn har endra seg mange gonger berre på den tida det har vore barnehagar i Norge. Og forsking gjort frå midten av 80-talet løfter barnet fram som ei subjekt med eigne tankar og følelsar. Frå fødselen er barn relasjonsorienterte og meiningskapande. Med eit syn på barnet som eit subjekt skal personalet respektere barnas oppleveling av verden. Barna skal møtast med anerkjennning og respekt. Å møte barna som subjekt er viktig for barnas sjølvfølelse, mentale helse og for å legge eit grunnlag for nestekjærleik og konstruktive relasjonar.

Når ein ser på barn som meiningskapande aktørar i eige liv blir undring ein pedagogisk arbeidsmetode knytt opp mot prosjektarbeid. Barns undring skal løftast fram og vere eit utgangspunkt for det pedagogiske innhaldet. Med prosjektarbeid som arbeidsmetode må dei tilsette gjøyme kunnskapane sine og ta del i undringa til barnet. I staden for at barna får eit kort svar på undringa si, vil barnet ved hjelp av dei tilsette få tenke og finne svaret gjennom dialog, leik og undersøking. Personalet skal heile tida støtte opp om barns initiativ, undring, nysgjerrigkeit og kreativitet. Ein skal også utvide barnas erfaringar og sørge for progresjon og utvikling i barnehagens innhald. Personalet skal ha mogelighetsfokus om barna undrar seg over verdsrommet skal ikkje personale sjå på avgrensingane for utforsking og læring, men heller mogelighetene. I leiken er det fult mulig å dra på dagsturar til verdsrommet og utforske dette saman med barna.

Verdiane som skal gjelde i Giske barnehage

## **GJENSIDIG RESPEKT**

- ◆ Verkeleggjere barnas menneskeverd
- ◆ Profesjonelle
- ◆ Leiken har ein eigenverdi

## **I NKLUDERANDRE**

- ◆ Anerkjenne
- ◆ Imøtekomme alle barns behov
- ◆ Smil, humor og glede

## **SKAPANDE**

- ◆ Undring
- ◆ Kreativitet
- ◆ Meistring

## **KOMMUNIKATIVE**

- ◆ Talar barnets sak
- ◆ Bevisst på språkbruk
- ◆ Foreldresamarbeid

## **ENGASJERTE**

- ◆ Hjelpe og løfte kvarandre
- ◆ Læring med utgangspunkt i barnas interesser
- ◆ Nytenkjande og endringsvillige



# Barns allsidige utvikling

Ein skal i barnehagen sjå arbeidet med omsorg, leik, læring, danning, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

## Omsorg

Alle barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg av personalet. Barnehagens tilsette har ei yrkesetisk plikt til å handle omsorgsfullt ovafor alle barn.

Omsorgsplikta stiller krav til oppmerksamheit og openheit ovanfor det unike hos kvart enkelt barn, det unike i situasjonen og det unike i gruppa. Personalet skal sørge for at barna får erfaringar med å kunne gi og få omsorg både i relasjon med dei tilsette og med dei andre barna.



## Leik

Leik er barns virke og barns veremåte. For barns utvikling er det heilt avgjerande å ha moglichkeit til å leike. Leiken har ein stor eigenverdi for barna, dei leika for dei har lyst. Derfor skal personalet legge til rette for den frie og spontane leiken.

I Giske barnehage skal leiken ha ein framtredande plass. Leiken skal vere frivillig, spontan og vere styr av barna sjølv. Dei tilsette skal vere med i leiken på barnas premisser. Aktive tilsette i leiken kan inspirere barna til å bli lengre i leiken, fordjupe seg i den og utvikle den. Ei av de viktigaste oppgåvene som tilsett i barnehage er å legge forholda til rette for god leik. I leken omarbeider barna sine inntrykk, dei bruker sine opplevingar og observasjonar og gir dei uttrykk gjennom materiale dei har til rådighet. Det er barns måte å skape forståing og lære seg ulike ferdigheter på. Leik er ein grunnleggande livs og læringsform.

Gjennom leik erfarer og lærar barna. Barn utviklar blant anna sosial kompetanse, språk, kognisjon og ferdigheiter innan kommunikasjon, motorikk i leiken. Det er dei tilsette som har eit ansvar for at det barna lærar i leiken er læring som bidrar positivt til barns trivsel og utvikling. I leik kan det nemlig også forgå læring som ikkje bidrar desse formål. Negativ læring i leiken kan forhindrast ved at personalet er tett på barna i leiken, at dei er observante, rettleiar og griper inn i situasjonar der det er nødvendig.



## Læring

I samfunnet er det ueinigkeit omkring kva som er relevant læring i barnehagen. Rammeplanen definerer prosessmål for barns læring, ikkje individuelle ferdigheits- og kunnskapsmål. Samtidig opplever vi krav om effekt, måloppnåing og individuelt læringsutbytte rettast mot barnehagen frå fleire hold. I Giske barnehage ønsker vi at barns læring skal vere meiningskapande for barna sjølv. Læringa bør ha ein relevans i forhold til den verden barna tilhørar og dei krav sjølve livet stillar dei ovanfor. Barnehagepedagogikkens utfordring er å finne balansen mellom eit pedagogisk innhald som tar utgangspunkt i barnet sjølv som skapande og lærande subjekt, og den verkelegheita barnet tilhørar med dei fysiske, sosiale og kulturelle rammene barnet lever innanfor. Eit heilskapleg syn på læring innebere at læring er mykje meir en berre faglig innlæring.

Med å bruke prosjektarbeid som metode, og at barns interesser og engasjement er styrande for kva vi gjer, meiner vi at vi har eit heilskapleg læringssyn.

## **Danning**

Danning er ein livslang prosess som skjer overalt og til alle tider. Danning er forskjellig frå oppdraging. Oppdraging har til hensikt å overføre kunnskap, verdiar og haldningar til barna som om dei var blanke ark. Danning er derimot ein prosess som handlar om å tilpasse seg samfunnet og kulturane ein lever i. Gjennom danningsprosessar lærar barna å tenke sjølv, søke kunnskap, reflektere over og vurdere sannheite, stille spørsmål og yte motstand på egne og andre sine vegne.

For å legge til rette for gode danningsprosessar i Giske barnehage skal personalet viser respekt for barna, barna sine interesser og barnas kommunikasjon. Dei tilsette må vere tilstade hos barna og vise interesse for barna og deira forståing av verden. Gjennom danningsprosessar kan personalet styrke barnas sjølvkjensle. Barn med god sjølvkjensle er lydhøre overfor egne og andre sine førelsar og behov. Dei heva røsta mot urettferdigheit. Dei tør å gå sine eigne vegar i livet. Dei tek ansvar for eigne feil. Dei oppfattar kritikk på ein konstruktiv måte. Og dei veit dei veit at dei er gode nok i kraft av den dei er, ikkje gjennom det dei presterar. For å gi barna ei sunn sjølvkjensle må personale skape flest mulig situasjonar der barna trekk positive konklusjonar om seg sjølve. Barna må bli møtt med anerkjenning og respekt. Ein må også møte barna på følelsane deira. Gjennom danning blir barna i stand til å handtere livet.

## **Sosial kompetanse**

Sosial kompetanse handlar om å erfare at ein er viktig for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Giske barnehage har ein plan for sosial kompetanse og ein handlingsplan for å sikre alle barn sin rett til eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette barnehageåret skal Giske barnehage lage ny plan for sosial kompetanse. Gjennom desse planane skal personalet kunne legge til rette for at alle barn får hjelp og støtte i utviklinga av sin sosiale kompetanse. Samt at alle barn får delta i fellesskap som bidrar til allsidige og varierte erfaringar.

For å kunne lykkast i arbeide med sosial kompetanse krev det at personalet har eit godt samarbeid med heimen. Personalet skal også støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde venner. Det må på individ- og gruppenivå samtalast om normer for samhandling og barna må inviterast til å reflektere over normer, samt utforme normer for god samhandling. Barna må få støtte av personalet til å sjå andre sine perspektiv, samt

setje eigne grenser og respektere andre sine grenser. Personalet skal alltid arbeide førebyggjande, stoppe og følgje opp diskriminering, utesetjing, mobbing, krenking og uehldige samspelsmønster. Foreldre er også oppfordra til å ta del i dette, og varsle barnehagen om barn blir utsatt for nokon form for mobbing. Dette kan gjerast ved å kontakte pedagogisk leiar eller styrar. Barnehagen har også eit skjema på heimesida foreldre kan bruke.

### **Kommunikasjon og språk**

Giske barnehage skal fremje kommunikasjon og språk. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. Alle barn skal få god

språkstimulering gjennom  
barnehagekværdagen, og få  
delta i aktivitetar som fremjar  
kommunikasjon og ei  
heilskapleg språkutvikling.

Personalet må sørge for at alle barna får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, reiskap for tenking og uttrykk for eigne tankar og førelsar. Det skal også leggast til rette for at barna får delta i eit rikt og variert språkmiljø. Kunnskapsdepartementets temahefte om språk i barnehagen beskriv samvær, samtalar og deling av rike opplevingar som den viktigaste ressursen i barnehagen når det gjeld språkmiljø og språkstimulering. Leik, bruk av rim og regler, dikt og song, forteljing og høgtlesing og utforsking av skriftspråk er også viktige bidrag i språkutviklinga til barna.



### **Barns allsidige utvikling**

For å kunne jobbe heilskapleg med barns utvikling må personale ha kunnskapar kring barns utvikling, leik, læring og danning. Personalet må også ha kunnskapar om observasjon og pedagogisk dokumentasjon som føresetnad for didaktisk tilrettelegging for barns leike- og læringsprosessar og av barnehagens leike- og

læringsmiljø. Gjennom å bruke prosjektarbeid som arbeidsmetode legg Giske barnehage i stor grad til rette for barns allsidige utvikling. Ideen bak prosjektarbeid er å byggje vidare på barnas interesse og vidareutvikle arbeidet i tråd med det barna engasjerer seg i og ønskjer å undersøkje. Gjennom eit prosjekt tek personalet med barna i planlegginga. Dei yngste barna gir uttrykk for sine ønskje og behov i form av kroppslige ytringar som latter, engasjerte blikk eller ved å vende seg vekk frå aktiviteten. Dei eldste barna bidreg også i form av samtale, ved å utarbeide tankekart saman med personalet og ved å samtale om dokumentasjonen som utarbeidast undervegs. Gjennom å arbeide med prosjektarbeid får barna utfordringar tilpassa sine erfaringar, interesse, kunnskapar og ferdigheite. Samtidig som personalet introdusera nye perspektiv og leggjar til rette for nye opplevingar og erfaringar.



# Medverknad og demokrati

Barns rett til deltaking og innflytelse finner vi i FNs barnekonvensjon og i Barnehagelova § 3. Det verdisynt barnekonvensjonen og barnehagelova representerer, er samanfallande med det som betegnast som dei berande elementa i vårt demokrati.

Medverking i barnehagen handlar om å gi barna muligheter til å påverke sin eigen kvardag, om å bli spurt, bli lytta til og akseptert som kompetente bidragsytarar.

Barna har intensjonar, er aktive aktørar og deltakarar som har rett til å ytre seg om barnehagens fellesskap, innhald og dagligliv.

Ein god barnehage frå barns synsvinkel, synes å være en arena der barna får leke, ha venner og kan drive med morosame aktivitetar. Leiken og det leikende gir barna ytringsfridom. Leiken er eksistensielt viktig for barn og er det området der barna sjølv har mest innflytelse. Barna er ulike og uttrykker seg ulikt. Personalalet må være særleg oppmerksame på dei stille, ikkje verbale og dei forsiktige barna. Vi må sikre at alle sine stemmer blir hørt og at alle opplever de har betydning. Dette føresetja gode relasjonar mellom personalalet og barna, og mellom personalalet og foreldra. Ifølge rammeplanen skal barnehagen vere eit inkluderande fellesskap, der alle får anledning til å ytre seg og bli hørt. På denne måten kan barna få ei oppleveling av demokratisk deltaking.

Personalalet i Giske barnehage skal ha ei grunnleggande holdning til barn basert på likeverdighet, gjensidighet og respekt . Barna skal få tid og rom til innspel, både kroppslike og verbale uttrykk. Personalalet skal oppmunstre barna til undring og nysgjerrigheit. Barna har rett til sine eigne opplevingar og erfaringar, desse skal anerkjennast og saman med barnas initiativ skal det påverke dei tilsette. Ein skal bygge vidare på barnas interesser. Personalalet skal ta individuelle omsyn og omsyn som har betydning for fellesskapet. Barna skal få uttrykt si eige mening, komme med innspel og ytre eigne ønske for seg sjølv og fellesskapet.

# Fagområda

Personalet skal legge til rette for at barna skal få erfaringar og opplevingar innanfor sju fagområder som er spesifisert i rammeplanen. Alle fagområda skal inngå i kvar dagen og arbeidas med parallelt og tverrfaglig. Alle barn er aktive deltagarar, medspelarar og utforskarar i eigne liv. Dei påverkast av omgivnadane sine, og påverkar sjølv. Utvikling og progresjon i småbarnsalder er ein samanheng mellom å tilegne seg kunnskapar og lære seg ferdigheter. Det er viktig å påpeke at progresjon er en prosess, resultat målast ikkje. Det er store individuelle forskjellar på når barn når milepålar og når de er klare for ny læring. Gjennom å bruke prosjekt som arbeidsform vil arbeidet bli tilpassa barnas alder og utviklingsnivå.

## Kommunikasjon, språk og tekst

I barnehagen skal alle barn få utforske og utvikle eigen språkkompetanse. Dei skal møte eit variert språkmiljø og bli inspirert til å bruke både det ikkje verbale og det verbale språket. Samvær, samtaler og deling av rike opplevingar i barnehagens dagligliv har stor betydning for barnas språkutvikling. Personalet skal leggje til rette for at barna får positive erfaringar med å bruke språket til å skape relasjonar, delta i lek, som reiskap til å løyse konfliktar og til å uttrykke eigne tankar, mengingar og følelsar.

## Kropp, rørsle, mat og helse

Barnehagen skal bidra til at barna får bli kjent med eigen kropp, setje grenser for eigen kropp og respektere andre sine grenser. Grunnleggande motoriske ferdigheter utviklast i barnehagealder. Gjennom kroppslig mestring utviklar barn ei positiv sjølvoppfatning som fører til større fysisk og psykisk helse. Det skal vere rom for både aktivitet og kvile. Barna skal oppleve mestring og glede ved finmotoriske og grovmotoriske aktivitetar gjennom heile året. Personalet skal oppmuntre barna til sjølvstendigheit i kvardagssituasjonar som måltid, påkledning og stell.

## Kunst, kultur og kreativitet

Fagområdet omhandlar uttrykksformer som biletkunst, kunsthandverk, musikk, dans, drama, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal leggje til rette for at barna får oppleve og uttrykke seg estetisk i samhandling med andre barn og vaksne. I dette arbeidet skal barnas nysgjerrighet og undring stimulerast, blant anna gjennom å uttrykke seg estetisk gjennom de ulike kunstformene.

Dei tilsette skal støtte opp om barnekulturen og andre kulturelle tilhøringer, og

barnehagen skal vere ein arena for kulturformidling. Personalet skal vere kritisk til kulturane dei formidlar. I Giske barnehage formidlar vi dei gode barnekulturane.

### **Natur, miljø og teknologi**

Barna skal få erfaring med og kjenne glede ved å vere ute i naturen. Gjennom leik og læring i naturen i dei forskjellige årstidene får barna kunnskap om samspelet mellom mennesket og naturen. Barna skal få ei begynnande forståing av viktigeita av å verne om og beskytte naturen og dyreliv. Bærekraftig utvikling handlar om balansen mellom å få dekt grunnleggande behov i dag utan å frata framtidas generasjoner moglighet til å få dekt sine behov. Barna skal få oppleve verdiar og haldningars som kan gi dei eit godt grunnlag til å bevare naturen i framtida.

### **Etikk, religion og filosofi**

Barnehagen skal bidra til at barna utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskap og ulikskap i eit fellesskap. Vi lev i eit fleirkulturelt samfunn og barnehagen skal reflektere og respektere det mangfaldet som er i barnegruppa. I kvardagen skal vi leggje til rette for gode samtalar der barn kan stille spørsmål, undre seg saman med andre barn og vaksne, og reflektere over det dei tenker på. Barna skal få kjennskap til den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representert i barnegruppa.

### **Mengd, rom og form**

Leik er drivkrafta i all læring, også i utviklinga av barns forståing for matematiske omgrep. Med ei leikende tilnærming vil vi gi barna erfaring med klassifisering, orientering, sortering og samanlikning. Vi vil også undre oss over samanhengar i natur, samfunn og univers.

### **Nærmiljø og samfunn**

Barnehagen skal bidra til at barn møter verden utanfor familien med tillit og nysgjerrighet. Barn skal få kunnskap om og tilknyting til lokalsamfunnet. Gjennom sine erfaringar med medverknad i barnehagen, får dei første kjennskap til demokratiske prinsipp. Barnehagen skal fremme forståing for ulike tradisjonar og levesett. Giske har ei særeigen historie og kulturarv, denne skal opplevast og utforskast i barnehagen.



# Satsingsområder

Giske barnehage har følgjande satsingsområder kommande barnehage år.

## To fram

To fram er eit utviklingsarbeid for leiarskap i barnehagesektoren i Sula og Giske kommune. Prosjektet er utarbeida av Ringer i vann som jobbar med kompetanseutvikling i skule og barnehage. Dette er eit prosjekt som starta hausten 2018 og avsluttast hausten 2020. Målsetjing for utviklingsarbeider er:

- Å styrke barnehagen som omsorgs-, leike-, lærings- og danningsarena for barna gjennom arbeid med leiarskap for styrarar og pedagogiske leiarar.
- Å skape ein lærande, involverande og nyskapande organisasjonskultur til nytte for den enkelte barnehagen og for barnehagesektoren i Sula og Giske kommune.
- Å utvikle kompetente leiarar som har gode verktøy og engasjement for å drive utviklingsarbeid, og som kan utvikle barnehagen som lærande organisasjon

I Giske barnehage har vi arbeida med å utvikle ulike arbeidsverktøy som personalet kan nytte i kvardagen og i arbeidet med barna.

Sjølv om prosjektet avsluttast i oktober kjem barnehagen til å halde fram arbeidet vi har starta heile barnehageåret. Vi har mange dokument som vi ønsker å få laga i forbindelse med prosjektet og vi rekk ikkje alt til oktober. Det er avklart i Giske kommune at ein ikkje startar noko ny satsing før hausten 2021, slik at barnehagane kan gjer ser ferdig med To fram.

## Livsmestring

Livsmestring handlar om å kunne forstå og påverke faktorar som har betyding for mestring av eige liv. Det har vore eit satsingsområde sidan 2018. Fokusområdet frå 2020 er språk. I barnehagen er det særstakt viktig å arbeide med språket, men det er også svært forskjellig korleis ein arbeidar med det. Dei minste barna kjem ofte til barnehagen utan talespråk, men uttrykker mykje gjennom kroppen. Dei eldste barna mestrer som regel talespråket og visar interesse for skriftspråket. Arbeidet med språk skal famne alt språkarbeid i barnehagen. For å konkretisere arbeidet på personalmøter vil personalet i sin heilhet arbeide med språkmiljø. Og avdelingane vil tilpasse korleis dei arbeidar med språk på kvar enkelt avdeling.

## **Språkmiljø og leikemiljø**

Personalet ønsker å arbeide med leikemiljøet i barnehagen. Og i håp om å ikkje ta på seg for mykje vil personalet neste år arbeide med språk– og leikemiljø. Der personalet vil analysere og reflektere over språk– og leikemiljøet barnehagen no har. Og korleis vi kan gjer det betre. Språk– og leikemiljø kan ver miljøet som blir skapt i møtet mellom barna, eller mellom barn og vaksen. Det kan vere det fysiske rommet og korleis det er utforma. Det kan bli forma gjennom haldningar og meininger til dei tilsette eller gjennom fantasien til barna. Målsetninga med arbeidet er at barna i Giske barnehage skal møte eit likeverdig og spennande språk – og leikemiljø. Som engasjerer og gir mogligheter til barna.



# Tilvenning og overgangar

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet skal få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal gi barnet tid til å bli kjend og etablere gode relasjoner til personalet og til andre born. For at barnet skal føle tryggleik til å leike, utforske og lære skal personalet sørge for tett og god oppfølging den første tida.

Barnehagen tilbyr oppstartsamtale til alle foreldre av nye barn ved starten av eit nytt barnehage år. For å gjøre tilvenninga enklare for barn og foreldre, bør oppstartsamtalen vere tidleg, eller før tilvenninga. Relevant informasjon begge veier er ein god måte å skape kontakt mellom barnehage og heim.

For å få gode og trygge overgangar mellom avdelingane i barnehagen, er det viktig at borna får tid og rom til å bli kjend på den nye avdelinga. Vi vil derfor satse på å innføre tilvenning for overgangsborna med ei fast besøksordning på våren.

Barnehagen skal i samarbeid med føresette og skule legge til rette for at borna får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Det at vi er eit oppvekstsenter, og den geografiske nærleiken til skulen, gjer at vi har god tilgang til skaperverkstad, gymsal og uteområde. Barna får bli kjende med faderane sine, klasserommet dei skal bruke og SFO.



# Pedagogisk verksemd

Barnehagen er en pedagogisk verksemd som skal planleggast, dokumenterast og vurderast.

## **Planlegging**

Planlegging gir oss grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Vi planlegger på både verksemdsnivå, avdelingsnivå og gruppenivå. Utarbeiding av årsplanen er et viktig planleggingsverktøy for barnehagen som heilheit. På avdelings- og gruppenivå nyttar vi avdelingsmøter og personalmøter. Prosjekta forberedast av personalet, mens barna i større eller mindre grad er med på sjølve planlegginga av korleis prosjekta skal utvikle seg.

## **Dokumentasjon**

Vi dokumentarar arbeidet vårt for å synliggjere korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Denne dokumentasjonen skjer i form av periodeplanar og oppslag på vegg i barnehagen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal gi foreldre og kommunen som barnehagemyndighet informasjon om kva barn opplever, lærer og gjør i barnehagen. Barn har rett til vern om sin personlige integritet. Vi vektlegger derfor eit etisk perspektiv ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn.

## **Vurdering**

Systematisk vurderingsarbeid legger grunnlaget for barnehagen som ein lærande organisasjon. Kvaliteten på det pedagogiske tilbodet avhenger i stor grad av personalets vilje og evne til å sjå kritisk på eigen praksis. På personalmøta våre legger vi til rette for felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet. Vi har en plan for å sikre at alle barn sin trivsel og utvikling drøftast jamleg på avdelingsmøter. Avdelingane prosjektarbeid og arbeid med enkeltbarn drøftast jamleg på pedagogmøter. Mot slutten av barnehageåret skal heile personalet gjøre ei vurdering av korleis vi har innfridd barnehagelova, rammeplanen og årsplanen. Vurderingsarbeidet skal peike på forbetringer og bidra til å skape ny og forbetra praksis.

# Samarbeid

## Personalsamarbeid

For å sikre kvaliteten på det arbeidet vi gjer, er personalet avhengige av å ha arenaer kor vi saman kan drøfte, planlegge, vurdere og reflektere omkring vår praksis.

Heile personalet har fem planleggingsdagar i året kor vi saman kan planlegge og vurdere det arbeidet vi gjør. Ein gong i månaden har barnehagen eit personalmøte på kveldstid. Desse møta nyttast stort sett til faglig oppdatering og refleksjon. Barnehagens satsingsområder gis stor prioritet på disse møta. Pedagogane deltek på pedagogmøte annakvar veke, desse møta nyttast til faglig samarbeid og refleksjonar, og samarbeid omkring saker av meir praktisk karakter. Når faglige slutningar må fattast på vegne av barnehagen som heilhet, vil dei fleste drøftingane og avgjerslene gjerse i desse møta. Dei tilsette på kvar avdeling har to møter i månaden kor dei planlegger og vurderer det pedagogiske arbeidet på avdelinga. Personalet reflekterer omkring mål som vi har satt oss, og barnegruppa og enkeltbarn drøftast for å sikre alle et godt barnehagetilbod.

## Foreldresamarbeid

Foreldresamarbeid er lovpålagt (barnehagelova § 1) og skal vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Foreldra og personalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål.

Det er barnehagen sitt ansvar å leggje til rette for samarbeid og å skape ein god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Det er viktig at barnehagen anerkjenner alle foreldre som ein viktig ressurs, og møter foreldra på ein slik måte at dei opplever seg sett, høyrt og inkludert.

## Samarbeid med andre instansar

For å sikre kvart barn har eit heilskapleg tilbod med tanke på trivsel og utvikling, krevjast det av og til at barnehagen samarbeider med andre tenester og instansar både i og utanfor kommunen.

Dersom personalet er bekymra for eit barns trivsel og utvikling, vil vi ta kontakt med barnets foreldre for å drøfte mulige tiltak. I samråd med foreldra kan det også vere

aktuelt å drøfte tiltaka med andre instansar som for eksempel: pedagogisk-psykologisk teneste, helsestasjonen, barnevern eller barnets fastlege.

Om personalet blir kjend med forhold som utløyer opplysningsplikta til barnevernet, vil barnets foreldre bli informert om at barnehagen sender en ottesammelding. Om ottesammelinga gjeld vold eller seksuelle overgrep, vil barnets foreldre ikke bli informert.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenesten.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal uten hinder av taushetsplikt melde fra til barneverntjenesten uten ugrunnet opphold

- a) når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli mishandlet, utsatt for alvorlige mangler ved den daglige omsorgen eller annen alvorlig omsorgssvikt,
- b) når det er grunn til å tro at et barn har en livstruende eller annen alvorlig sykdom eller skade og ikke kommer til undersøkelse eller behandling, eller at et barn med nedsatt funksjonsevne eller et spesielt hjelpetrengende barn ikke får dekket sitt særlige behov for behandling eller opplæring,
- c) når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli utnyttet til menneskehandel

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, plikter også å gi opplysninger etter pålegg i samsvar med barnevernloven § 6-4 (Barnehagelova, 2005, § 22).



# Viktige datoer

## Planleggingsdagar

Torsdag 13. august

Fredag 14. august

Fredag 23. oktober

Måndag 4. januar

Fredag 14. mai

## Foreldrearangement

Giske barnehage har tradisjonelt eit foreldremøte i september og eit i januar/februar saman med skulen. FAU/Foreldra arrangerer ein adventsfest i desember. Vi har besteforeldrekaffi i mars og ein sommarfest i juni. Det er ikkje sett datoar for arrangement i år.

På grunn av Covid-19 pandemien vil ein vurdere kvart enkelt av desse arrangementa i forkant av den aktuelle månaden. Det ikkje usannsynlig at noko vil bli avlyst eller vil få ei endra form. Foreldre vil få beskjed om arrangement so snart vi har ei god løysing.

